



Arkivnr: 2015/7-2

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		22.01.2014
Fylkesutvalet		30.01.2014

Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel

Samandrag

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har i brev frå 8.12.2014 bede om økonomisk stønad frå Hordaland fylkeskommune til Prosjektet Stad skipstunnel.

Stad skipstunnel vil gå mellom Moldefjorden i Nordfjord og Kjøddepollen på Sunnmøre. Tunnelen vil vera 1,7 kilometer lang, 37 meter høg, ha ei bredde på 26,5 meter og vil kunna gje fartøy på storleik med Hurtigruta tryggare segling langs det værutsette Stadhavet.

Prosjektgruppa driv påverknadsarbeid for å få realisert Stad skipstunnel som eit nasjonalt prosjekt prioritert i første fireårsperiode av NTP (2018- 2027), og med byggestart i 2018. Til dette arbeidet søker Prosjektgruppa for Stad skipstunnel om eit finansieringsbidrag på kr. 100 000 i 2015.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek å løyva kr. 100. 000,- som tilskott til prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknad Hordaland fylkeskommune 2015
- 2 HANDLINGSPLAN 2014-18
- 3 Prosjektplan Prosjekt Stad skipstunnel

Fylkesrådmannen, 06.01.2015

Bakgrunn

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har i brev frå 8.12.2014 bede om økonomisk stønad frå Hordaland fylkeskommune til Prosjektet Stad skipstunnel.

Om Stad skipstunnel

Stad skipstunnel vil gå mellom Moldefjorden i Nordfjord og Kjøddepollen på Sunnmøre. Tunnelen vil vera 1,7 kilometer lang, 37 meter høg, ha ei breidde på 26,5 meter og vil kunna gje fartøy på storleik med Hurtigruta tryggare segling langs det værutsatte Stadhavet:



Om Stad skipstunnel - sjå

<http://www.kystverket.no/Maritim-infrastruktur/Utbygging-av-fiskerihavner-og-farleder/Stad-skipstunnel/>

Tunnelen er førebels kostnadsrekna til 2 mrd. kr.

Planstatus for Stad skipstunnel

I Nasjonal transportplan (2014-2023) er Stad skipstunnel lagt inn i siste del av planperioden (f.o.m. 2018) med 1 milliard kroner. Men før Stortinget kan ta stilling til oppstart og kostnadsramme, skal det utarbeidast eit forprosjekt som deretter skal gjennom ei ekstern kvalitetssikring av styringsgrunnlag og kostnadsoverslag (KS2). Departementet skal avgjera om Kystverket i 2015 skal starta arbeidet med forprosjekt og reguleringsplan.

Frå søknaden

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel driv påverknadsarbeid for å få realisert Stad skipstunnel som eit nasjonalt prosjekt prioritert i første fireårsperiode av NTP (2018- 2027), og med byggestart i 2018. Til dette arbeidet søker Prosjektgruppa for Stad skipstunnel om eit finansieringsbidrag på kr. 100 000 i 2015. Det er budsjettert med tilsvarende stønad frå fylkeskommunane Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Tidlegare løyving

Fylkesutvalet løyvde 21.11.2012 kr. 100 000 til prosjektgruppa for Stad skipstunnel for 2013. For 2014 vart det ikkje søkt om løyvingar til prosjektet.

Fylkesrådmannen sine merknader

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for trygg og effektiv sjøtransport langs norskekysten.

I Hordaland er det ved fleire høve blitt gjeve brei fylkespolitisk støtte til prosjektet.

Vestlandsrådet gav 10.5.2012 slik uttale til forslaget til NTP 2014 – 2023, om Stad skipstunnel:

«For sikker og effektiv sjøtransport langs norskekysten er Stad skipstunnel eit viktig prosjekt. Vestlandsrådet meiner at Stad skipstunnel må prioriterast i NTP 2014- 2023 som eit nasjonalt prosjekt.»

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gjev tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel på kr. 100 000,- i 2015. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2015.